Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vikedal

Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Liva Solheim Gard:

(adresse): Vikedal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

K. Lillemo.

SVAR

1. I gamle dagar var det helst fela ein bruka. Dei var helst innførde, mest frå Tyskland, ein kalla dei tyskarfeler.
Dei einskilde deler kalles: boge, felestokk (trematerialet), hesten (forhøyningen som strengene gikk over.)

2. Ein veit ikkje når fela kom i bruk. Ho nyttast enno.

3. Ført inn frå Tyskland.

4. Kan ikkje svara på det.

5. Var helst laga av bøketre.

6, 7, 8 } Fell bort

9. Fela vart berre bruka til dans i gamle dagar.

2982

10 }
11 } Kan ikkje svara på dette.
12 }

13. Flinke felespelarar:
Johannes Treshaugen, spela i bryllaup og til dans. Døydde for 75-80 år sidan.
Lars Espevoll var og god felespelar. Døydde for omlag 70 år sidan.

Krokharpa eller munnharpa var ein ca 5 cm. lang og 1 cm. brei avlang rund jern-ring med ei tunge av massing - festa til ringen og litt oppbøygd i den andre. Ein sette ringen inn i munnen og bles på massingtunga og leda litt på henne med peikefingen, og kunne på den måten spela tonar. - Krokharpa vart laga her.



Salmodikon. Ein ca. 1 m. lang kasse med ein streng. Bruktes helst i skulen. Dei vart laga her i bygda. Finst enno, men vert lite nytta no.

Lur veit ein ikkje av vart brukt her.

2982

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Prillarhorn kalles her bukkehorn. Leppene laga tonen, og ein bruka fingerhola til å variera tonen.

Tyskfløyte har og vore brukt før i tida.

Andre fløyter. Seljefløyte har vore mykje brukt før, og sume kunne spela retteleg fint på dei. Borna lagar dei enno.

Spikarfele. Borna pla før laga seg ei slag fele av ei fjøl, med trådar eller strenger feste til spikrar i kvar ende på fjøla.

Bolk B.

1 Byinstrument. Av desse er det helst trekkspelet som er og har vori i bruk her (millom ungdomen.) Dinest orgel, guitar, citer og mandolin. Klaver og spinett har berre vore brukt millom
2. embetsmenn. o. l.

3. Desse instrumenta førde helst med seg ny musikk til bygda

2982

Bolk C.

Larmeinstrument og andre primitive instrument.

Hesteskramle eller hesteskrall.

Ho vart brukt til å skrama hestane med.





NORSK ETNOLOGISK GRANSKING